

# Pilar 3 – Offentleggjing av informasjon om kapital og risikoforhold

31. desember 2023



**Sogn**  
**SPAREBANK**

## INNHOLDSFORTEGNELSE

---

<b>PILAR 3 – OFFENTLEGGJERING AV INFORMASJON OM KAPITAL OG RISIKOFORHOLD</b>	<b>0</b>
1. INNLEIING OG FØREMÅL MED DOKUMENTET .....	3
1.1 Standardmetoden .....	4
2. Konsolidering .....	4
2.1 Oversikt over dotterselskap, tilknytte selskap mv. ....	4
2.1.2 Tilknytt selskap .....	4
2.2 Forskjellar mellom rekneskapsmessig konsolidering og konsolidering etter kapitaldekningsbestemmelsane .....	5
2.3 Avgrensingar på overføring av kapital eller tilbakebetaling av gjeld mellom selskap .....	5
3 Kapitalkrav .....	5
3.1 Ansvarleg kapital og kapitalkrav .....	5
3.1.1 Spesifikasjon av ansvarleg kapital .....	5
3.1.2 Konsolidering av samarbeidande grupper .....	7
3.2 Bufferkrav .....	7
3.3 Uvekta kjernekapitalandel .....	8
4 Kredittrisiko og motpartsrisiko .....	8
4.1.1 Definisjon mislighaldne engasjement: .....	8
4.1.2 Definisjon andre tapsutsette engasjement: .....	8
4.1.3 Definisjon verdifall: .....	9
4.2 Metode for utrekning av nedskivingar .....	9
4.3 Fordeling på engasjementstypar, typar av motpartar og geografiske område .....	10
4.4 Engasjement fordelt på engasjementstypar og gjenståande løpetid .....	11
4.5 Mislighald, nedskivingar og avsetningar på garantiar .....	11
4.6 Endringar i nedskivingar og avsetningar på garantiar .....	12
4.7 Bruk av offisiell rating for kapitaldekningsføremål .....	13
4.8 Engasjementsbeløp og bruk av sikkerheiter m.v. ved fastsetting av kapitalkrav .....	13
4.9 Sikkerheitsstilte eigedelar .....	13
4.10 Motpartsrisiko knytt til derivat .....	14
5 Egenkapitalposisjoner .....	14
5.1 Finansielle eigedelar .....	14
5.1.1 Klassifisering .....	14
5.1.2 Finansielle eigedelar til verkeleg verdi over resultatet .....	14
5.1.3 Måling til amortisert kost .....	15
5.1.4 Måling av finansielle garantiar .....	15

5.1.5	Innlån og innskot frå og gjeld til kundar .....	15
5.1.6	Nedskrivning av finansielle eigendelar .....	16
6	Renterisiko.....	16
7	Styring og kontroll av risiko .....	18
7.1	Innleiing.....	18
7.2	Organisering og ansvar .....	18
7.2.1	Styret .....	18
7.2.2	Adm. banksjef.....	18
7.2.3	Risk and Compliance Manager.....	19
7.2.4	Alle leiarane .....	19
7.3	Føremål og prinsipp for ICAAP .....	19
7.4	Styring og kontroll av enkeltrisikoar.....	20
7.4.1	Kredittrisiko .....	21
7.4.2	Likviditetsrisiko .....	22
7.4.3	Marknadsrisiko .....	22
7.4.4	Operasjonell risiko.....	22
7.4.5	Konsentrasjonsrisiko .....	23
7.4.6	Eigedomsprisrisiko .....	23
7.4.7	Forretningsrisiko .....	23
7.4.8	Strategisk risiko.....	23
7.4.9	Systemrisiko .....	23
7.5	Banken si godtgjersleordning .....	24
7.5.1	Pensjonspliktingar .....	24
7.5.2	Bonusplanar .....	24
8.	Vedlegg.....	25

## 1. INNLEIING OG FØREMÅL MED DOKUMENTET

---

Formålet med dette dokumentet er å oppfylle krava til offentleggjering av finansiell informasjon etter åttande del av kapitalkravsforskrifta (CRR (EU) 2013/575), jf. Forskrift om kapitalkrav og nasjonal tilpassing av CRR/CRD IV del XI. Alle tall i dokumentet er per 31. desember 2022 med mindre anna går fram.

### Pilar 1: Minimumskrav til ansvarleg kapital

Pilar 1 er eit minimumskrav til ansvarleg kapital og utgjer minst åtte prosent av berekningsgrunnlaget for kredittrisiko, marknadsrisiko og operasjonell risiko. Dei metodane som banken brukar ved berekning av minimumskrava for høvesvis kredittrisiko, marknadsrisiko og operasjonell risiko er vist i figuren nedanfor:

Type risiko	Valt metode
Kredittrisiko	Standard
Marknadsrisiko	Standard
Operasjonell risiko	Basis

### Pilar 2: Vurdering av samla kapitalbehov og individuell tilsyn for oppfølging

Pilar 2 er krav om at bankane har ein prosess, ICAAP<sup>1</sup>, der banken vurderer kapitalbehovet i høve til banken sin risikoprofil, og utarbeidar ein strategi for å vedlikehalda kapitaldekninga innanfor dei rammene som er vedtekne. Tilsyns-myndigheitene skal overvake og evaluere banken si interne vurdering av kapitalbehov og tilhøyrande strategi. Tilsynet skal setje i verk passande tiltak dersom dei ikkje vurderer prosessen for å vere tilfredsstillande.

### Pilar 3: Institusjonane si offentleggjering av informasjon

Pilar 3 er eit krav om at finansiell informasjon om kapitaldekninga og ICAAP-prosessen vert gjort offentlig.

Føremålet med Pilar 3 er å supplere minimumskrava i Pilar 1 og den tilsynsmessige oppfølginga i Pilar 2. Pilar 3 skal bidra til auke marknadsdisiplin gjennom krav til offentleggjering av informasjon som gjer det mogleg for marknaden, mellom anna analytikarar og investorar, å vurdere banken sin risikoprofil, kapitalisering, styring og kontroll.

---

<sup>1</sup>ICAAP = Internal Capital Adequacy Assessment Process = totalt kapitalbehov

## 1.1 STANDARDMETODEN

Sogn Sparebank nyttar standardmetoden ved berekning av kapitalkrav for kredittrisiko. Standardmetoden inneber at det vert nytta standardiserte, myndigheitsbestemte risikovektar ved berekning av kapitalkravet. For berekning av kapitalkrav for operasjonell risiko, vert basismetoden nytta, noko som inneber at kapitalkravet vert rekna i høve til inntekt siste tre år.

Det vert vist til annan litteratur for ei nærare beskriving av kapitaldekningsreglane.

## 2. KONSOLIDERING

### 2.1 Oversikt over dotterselskap, tilknytte selskap mv.

Tabellen gir ei oversikt over dotterselskap som er fullt konsolidert, oppkjøpsmetoden, der investeringa er trekt frå i ansvarleg kapital:

2023						
Namn på selskapet	Org. nr.	Tal aksjar	Eigarandel	Bokført verdi	Motteke utbyte	
Sogn Sparebank Egedomsmeikling AS*	984 032 404	177	100 %	0		0
ISSB Egedom AS	912 735 753	65	65 %	7.550		0
<b>Sum investering i dotterselskap</b>				<b>7.550</b>		
* Selskapet avvikla i 2023						

Investering i dotterselskap er i morbank sitt rekneskap bokført til 7,6 mill. kroner pr. 31.12.2023.

#### ISSB Egedom AS

Sogn Sparebank kontrollerer 65 % av ISSB Egedom AS. Selskapet skal drive med investering i fast egedom eller selskap som eig fast egedom. Selskapet har ingen tilsette. Forretningskontoradressa til ISSB Egedom AS, er Statsråd Evensens veg 8, 6885 Årdalstangen.

### 2.1.2 Tilknytt selskap

Tabellen gir ei oversikt over tilknytt selskap som er fullt konsolidert, oppkjøpsmetoden, der investeringa er trekt frå i ansvarleg kapital:

2023						
Namn på selskapet	Org. nr.	Tal aksjar	Eigarandel	Bokført verdi	Motteke utbyte	
Sogn Forsikring AS	991 650 350	351	35 %	135		0
<b>Sum investering i tilknytt selskap</b>				<b>135</b>		

Investering i tilknytt selskap er i morbanken sitt rekneskap bokført til 0,135 mill. kroner pr. 31.12.2023.

## **SOGN FORSIKRING AS**

Sogn Sparebank kontrollerer 35 % av Sogn Forsikring AS. Forsikringselskapet er samlokalisert med Sogn Sparebank i Bergen og skal selja Eika Gruppen AS sine forsikringsprodukt. Selskapet har pr. 31.12.2023 ein tilsette.

## **2.2 FORSKJELLAR MELLOM REKNESKAPSMESSIG KONSOLIDERING OG KONSOLIDERING ETTER KAPITALDEKNINGSBESTEMMELSANE**

Dotterselskapa, Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS og ISSB Eigedom AS er ikkje konsolidert inn da det ikkje har vesentleg verknad økonomisk for banken.

## **2.3 AVGRENSINGAR PÅ OVERFØRING AV KAPITAL ELLER TILBAKEBETALING AV GJELD MELLOM SELSKAP**

Det er ikkje inngått avtalar, privatrettslege eller andre faktiske avgrensingar som gjeld overføring av kapital mellom selskapa, Sogn Sparebank (mor), Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS (avvika i 2023), ISSB Eigedom AS (dotter) og Sogn Forsikring AS (tilknytt selskap), Desse selskapa utgjør ein uvesentleg endring og vert derfor ikkje utarbeida konsernreneskap.

Høve til overføring av kapital eller tilbakebetaling av gjeld mellom selskapa er regulert av den til eikvar tid gjeldande lovgiving for bransjen.

## **3 KAPITALKRAV**

---

### **3.1 Ansvarleg kapital og kapitalkrav**

Sogn Sparebank sin ansvarlege kapital er kjernekapital. Kjernekapitalen er sett saman av sparebankens fond, overkursfond, utjamningsfond, gåvefond, fond for urealiserte gevinstar og eigenkapitalbevis.

#### **3.1.1 Spesifikasjon av ansvarleg kapital**

Tabellen nedanfor viser berekningsgrunnlaget for kredittrisiko fordelt på dei enkelte engasjementskategoriane slik dei er definert i kapitalføreskrifta. I tillegg viser tabellen kapitalkrav for motpartsrisiko og operasjonell risiko og samla berekningsgrunnlag.

Pilar III  
Sogn Sparebank  
01.03.2024

Spesifikasjon av ansvarlig kapital (tall i tusen NOK), minimumskrav til ansvarlig kapital (beløp i tusen kroner) og beregningsgrunnlag

Kapitaldekning	2023	2022
<b>Innskutt egenkapital</b>	<b>31.625</b>	<b>31.625</b>
Eigne EK bevis	-673	-673
<b>Overkursfond</b>	<b>32.812</b>	<b>32.812</b>
<b>Utjæmningsfond</b>	<b>62.765</b>	<b>59.569</b>
Sparebankens fond	869.722	795.235
Gavefond	30.378	36.278
Fond for urealisert vinst	66.709	74.919
<b>Sum egenkapital</b>	<b>1.093.338</b>	<b>1.029.765</b>
Fradrag for overfinansiert pensjonsforpliktelse	0	0
Fradrag for immaterielle eiendeler	-619	-741
Fradrag for ansvarlig kapital i andre fin.inst.	-169.690	-160.643
Avsatt til utbytte	-9.488	-6.325
Avsatt til gåvetildeling	-7.500	-5.900
<b>Sum ren kjernekapital</b>	<b>906.041</b>	<b>856.156</b>
Fondsobligasjoner	0	40.000
Fradrag for ansvarlig kapital i andre fin.inst.	0	0
<b>Sum kjernekapital</b>	<b>906.041</b>	<b>896.156</b>
<b>Netto ansvarlig kapital</b>	<b>906.041</b>	<b>896.156</b>
<b>Eksponeeringskategori (beregningsgrunnlag etter risikovekt)</b>		
Stater og sentralbanker	0	0
Lokale og regionale myndigheter (herunder kommuner)	49	49
Offentlige foretak	0	0
Institusjoner	199	32.745
Foretak	153.166	153.685
Massemarkedsengasjementer		
Engasjementer med pantesikkerhet i eiendom	2.592.135	2.346.186
Forfalte engasjementer	127.883	51.560
Høyrisiko-engasjementer	13.026	148.586
Obligasjoner med fortrinnsrett	1.003	5.520
Fordring på institusjoner og foretak med kortsiktig rating	126.642	52.238
Andeler i verdipapirfond	22.692	59.294
Egenkapitalposisjoner	216.420	237.256
Øvrige engasjementer	131.528	231.467
CVA-tillegg		
<b>Sum beregningsgrunnlag for kreditt risiko</b>	<b>3.384.743</b>	<b>3.318.586</b>
Beregningsgrunnlag for operasjonell risiko	352.225	300.233
Beregningsgrunnlag for motpartsrisiko	0	0
<b>Sum beregningsgrunnlag</b>	<b>3.736.968</b>	<b>3.618.819</b>
<b>Kapitaldekning i %</b>	<b>24,25 %</b>	<b>24,76 %</b>
<b>Kjernekapitaldekning</b>	<b>24,25 %</b>	<b>24,76 %</b>
<b>Ren kjernekapitaldekning i %</b>	<b>24,25 %</b>	<b>23,66 %</b>

Banken har blitt underlagt eit Pilar 2-krav på 3,0 % frå 30.06.2022. Banken har et kapitalmål på 19,5 % for ren kjernekapitaldekning.

### 3.1.2 Konsolidering av samarbeidende grupper

Banken har en eierandel på 2,25 % i Eika Gruppen AS og på 1,05 % i Eika Boligkreditt AS.

	2023	2022
<b>Ren kjernekapital</b>	<b>1.032.014</b>	<b>979.947</b>
<b>Kjernekapital</b>	<b>1.039.516</b>	<b>1.029.388</b>
<b>Ansvarlig kapital</b>	<b>1.049.626</b>	<b>1.040.608</b>
<b>Beregningsgrunnlag</b>	<b>4.254.481</b>	<b>4.183.471</b>
Kapitaldekning i %	24,67 %	24,87 %
Kjernekapitaldekning	24,43 %	24,61 %
Ren kjernekapitaldekning i %	24,26 %	23,42 %
Uvektet kjernekapitalandel i %	11,51 %	11,66 %

### 3.2 Bufferkrav

Etter lova skal banken ha ein bevaringsbuffer på 2,5 prosent, ein systemrisikobuffer på 4,5 prosent og ein motsyklisk buffer på 2,5 prosent. Nivået på den motsykliske bufferen blir fastsett av Finansdepartementet kvart kvartal.

Banken har per 31.12.2023 et kombinert kapitalbufferkrav på kr 299 millionar:

Bufferkrav	2023	2022
Bevaringsbuffer (2,50 %)	93.424	90.470
Motsyklisk buffer (2,50 %, økning fra 2,00% i 2022)	93.424	72.376
Systemrisikobuffer (3,00 %)	112.109	108.565
<b>Sum bufferkrav til ren kjernekapital</b>	<b>298.957</b>	<b>271.411</b>
Minimumskrav til ren kjernekapital (4,50 %)	168.164	162.847
Tilgjengelig ren kjernekapital utover minimumskrav og bufferkrav	438.920	461.898

Banken har 439 millionar kroner i rein kjernekapital tilgjengeleg til å dekke det kombinerte kapitalbufferkravet.



### 3.3 Uvekta kjernekapitalandel

Uvekta kjernekapitalandel vert rekna ut frå berekna kjernekapital med og utan overgangsordningar delt på engasjementsbeløp for balanseførde og ikkje balanseførde postar i kapitaldekningsoppgåva, justert for konverteringsfaktorar ihht. i CRR artikkel 429, nr. 10.

Uvektet kjernekapitalandel	2023	2022
Derivater: Fremtidig eksponering ved bruk av markedsverdimetoden	0	0
Poster utenom balansen med 10 % konverteringsfaktor etter standardmetoden	0	0
Poster utenom balansen med 20 % konverteringsfaktor etter standardmetoden	28.515	33.548
Poster utenom balansen med 50 % konverteringsfaktor etter standardmetoden	133.612	203.438
Poster utenom balansen med 100 % konverteringsfaktor etter standardmetoden	18.723	9.822
Øvrige eiendeler	7.595.143	7.249.286
(-) Regulatoriske justeringer i kjernekapital	0	-160.642
(-) Regulatoriske justeringer i kjernekapital etter overgangsregler		
Totalt eksponeringsbeløp	7.775.993	7.335.452
Totalt eksponeringsbeløp etter overgangsregler		
<b>Kapital</b>		
<b>Kjernekapital</b>	<b>906.041</b>	<b>896.156</b>
<b>Kjernekapital etter overgangsregler</b>	<b>906.041</b>	<b>896.156</b>
<b>Uvektet kjernekapitalandel (ikkje konsolidert)</b>	<b>11,65 %</b>	<b>12,22 %</b>

## 4 KREDITTRISIKO OG MOTPARTSRISIKO

### 4.1.1 Definisjon mislighaldne engasjement:

Eit engasjement vert vurdert å vere misleghalde når kunden ikkje har betalt forfalne terminar på utlån innan 90 dagar etter forfall eller når overtrekk på rammekreditt ikkje er dekkja inn som avtalt innan 90 dagar etter at rammekreditten vart overtrekt.

### 4.1.2 Definisjon andre tapsutsette engasjement:

Eit engasjement vert vurdert å vere tapsutsett, sjølv om det ikkje er misleghalde enno, når det er identifisert objektive bevis på verdifallet.

### 4.1.3 Definisjon verdifall:

Utlån og garantiar vert vurdert etter "Forskrift om regnskapsmessig behandling av utlån og garantiar i finansinstitusjonar av 21.12.2004". Utlån vert målt ved første gongs balanseføring til verkeleg verdi (lånebeløpet som er overført til kunden). Ved seinare måling, vert utlån vurdert til amortisert kost fastsett ved bruk av effektiv rentemetode, som forenkla vil sei er utlånet sin balanseførte verdi ved første gongs måling, justert for mottekne avdrag og eventuell nedskrivning for tap. Dersom det ligg føre objektive bevis for at eit utlån eller ei gruppe av utlån har verdifall, vert det føreteke nedskrivning for verdifallet. Banken har utarbeida eigne retningslinjer for nedskrivning for tap på utlån og garantiar.

Kriterium for berekning av nedskrivningar på individuelle utlån, er at det ligg føre objektive bevis for verdifall. Objektive bevis på at eit utlån har verdifall inkluderer, i følge utlånsforskrifta, observerbare data banken har kjennskap til om følgjande tapshendingar:

- a) Vesentlege finansielle problem hjå debitor.
- b) Betalingsmisleghald eller andre vesentlege brot på kontrakten.
- c) Innvilga utsetjing av betaling eller ny kreditt til betaling av termin, avtalte endringar i rentesatsen eller andre avtalevilkår som følgje av finansielle problem hjå debitor.
- d) Det vert vurdert som sannsynleg at debitor vil inngå gjeldsforhandling, anna finansiell restrukturering eller at debitor sitt bu blir teken under konkursbehandling.

## 4.2 Metode for utrekning av nedskrivningar

Nedskrivingsbeløpa vert utrekna som forskjellen mellom balanseført verdi og noverdien av estimerte framtidige kontantstraumar. Ved utrekninga av dei framtidige kontantstraumane vert sikkerheitene vurdert til pårekeleg salspris med frådrag for salskostnader.

Identifiseringa av tapsutsette engasjement tek hovudsakeleg utgangspunkt i tapshendingar som ligg føre på balansedagen, men objektive bevis på manglande framtidig oppgjjersevne hjå debitor vert òg vurdert. Banken føretek kvartalsvise vurderingar av vesentlege engasjement med omsyn til individuelle- og gruppevise nedskrivningar.

Sogn Sparebank nyttar ein sannsynlegheitsbasert (PD – probability of default) risikoklassifiseringsmodell på alle kundar der det er risiko for tap for banken. Det betyr at alle kundar med lån, kreditt eller garanti blir risikoklassifisert, i tillegg til kundar med overtrekk over kr. 1.000.

Risikoklassifiseringsmodellane er delt i to hovudmodellar, ein for personmarknad og ein for bedriftsmarknad.

Hovudmodellane er igjen delt i ulike undermodellar. Det vert òg gjort eit modellmessig skilje mellom eksisterande og nye kundar. Risikoklassifiseringsmodellen som banken nyttar bereknar sannsynlegheit for at kunden går i mislighald i løpet av dei neste 12 månadane.

Følgjande risikoklassar vert nytta:

Sannsynlighet for misleghald i prosent		
Risikoklasse	Frå og med	Til
1	0,01	0,10
2	0,10	0,25
3	0,25	0,50
4	0,50	0,75
5	0,75	1,25
6	1,25	2,00
7	2,00	3,00
8	3,00	5,00
9	5,00	8,00
10	8,00	100,00
11	Misleghald	
12	Tapsutsett	

Basert på risikoklassifiseringssystemet til Sogn Sparebank der risikoklasse 1 representerer lågast og risikoklasse 12 høgast risiko. I risikoklasse 11 er alle kundar med misleghald over kr. 1.000 i 90 dagar gruppert. I risikoklasse 12 er alle kundar som banken har vurdert som tapsutsette gruppert.

### 4.3 Fordeling på engasjementstypar, typar av motpartar og geografiske område

Matrisa viser samla engasjementsbeløp etter steg 3 nedskrivningar fordelt på engasjementstypar, typar av motpartar og geografiske område.

Engasjementer<sup>1</sup> fordelt på engasjementstyper, geografiske områder og typer av motparter (beløp i tusen kroner)

Type motpart	Utlån og fordringer	Ubenyttede rammer	Garantier	Sum
Offentlig forvaltning	17.741	279	-	18.020
Lønnstakere o.l.	5.335.009	246.703	1.239	5.582.951
Utlandet	698			698
<i>Næringssektor fordelt:</i>				
Jordbruk, skogbruk, fiske	86.496	14.821	276	101.593
Industriproduksjon	97.069	2.336	2.915	102.320
Bygg og anlegg	180.534	19.351	22.315	222.200
Varehandel, hotell/restaurant	227.310	34.130	9.352	270.792
Finans, eiendom, forretningsmessige tjenester	405.779	16.871	5.310	427.960
Sosial og privat tjenesteyting				-
Sentralbank	83.651			83.651
Kredittinstitusjoner	635.683			635.683
				-
<b>Sum</b>	<b>7.069.967</b>	<b>334.491</b>	<b>41.407</b>	<b>7.445.865</b>
Sogn	3.893.998			
Resten av Norge	2.456.635			
Utlandet				
<b>Gjennomsnitt<sup>2</sup></b>	<b>6.762.574</b>	<b>404.498</b>	<b>52.485</b>	<b>7.219.557</b>

<sup>1</sup> Fratrukket nedskrivninger i steg 3

<sup>2</sup> Gjennomsnitt av inngående og utgående balanse siste år

## 4.4 Engasjement fordelt på engasjementstyper og gjenstående løpetid

Matrisa viser beløp for ulike engasjementstyper fordelt på løpetid.

Engasjementer<sup>1</sup> fordelt på engasjementstyper og gjenstående løpetid (beløp i tusen kroner)

Engasjementstyper	Inntil 1 måned	1–3 måneder	3–12 måneder	1–5 år	Over 5 år	Uten løpetid	Sum
Utlån og fordringer	438.084	294	32.227	168.118	5.676.465	754.779	<b>7.069.967</b>
Ubenyttede rammer			334.491				<b>334.491</b>
Garantier				41.407			<b>41.407</b>
<b>Sum</b>	<b>438.084</b>	<b>294</b>	<b>366.718</b>	<b>209.525</b>	<b>5.676.465</b>	<b>754.779</b>	<b>7.445.865</b>

<sup>1</sup> Fratrasket nedskrivninger i steg 3

## 4.5 Mislighald, nedskrivninger og avsetninger på garantiar

Matrisa nedanfor viser mislighaldne og tapsutsette utlån, individuelle nedskrivninger på utlån og avsetninger på garantiansvar fordelt på typer av motpartar.

Mislighald, nedskrivninger og avsetninger på garantier (beløp i tusen kroner)

Type motpart	Misligholdte engasjementer over 90 dager	Andre kredittforringede engasjement	Samlede nedskrivninger <sup>1</sup>
Offentlig forvaltning			
Lønnstakere o.l.	24.361	12.943	9.235
<i>Næringssektor fordelt:</i>			
Jordbruk, skogbruk, fiske	-	-	-
Industriproduksjon	227	506	558
Bygg og anlegg	14.224	30.699	1.811
Varehandel, hotell/restaurant	1.120	2.501	2.235
Transport, lagring	5.280	11.785	4.793
Finans, eiendom, forretningsmessige tjenester	8.767	19.566	5.582
Sosial og privat tjenesteyting	617	1.378	134
<b>Sum</b>	<b>54.596</b>	<b>79.378</b>	<b>24.347</b>

<sup>1</sup> Kun nedskrivninger i steg 3

<sup>2</sup> Samlet garantibeløp der det er foretatt avsetning.

## 4.6 Endringer i nedskrivninger og avsetninger på garantier

Endringer i nedskrivninger på utlån siste år (beløp i tusen kroner)	Steg 1: 12 mnd. tap	Steg 2: Livstid tap	Steg 3: Livstid tap
<b>Nedskrivninger pr. 01.01.2023</b>	7.148	8.489	16.493
Overføringer:			
Overføringer til steg 1	954	-954	0
Overføringer til steg 2	-210	210	0
Overføringer til steg 3	-156	-1.910	2.067
Nye finansielle eiendeler utstedt eller kjøpt	-3.274	972	8.330
Finansielle eiendeler som er fraregnet i perioden	1.069	845	243
(Modifisering av kontantstrømmer fra eiendeler som ikke er fraregnet)			
Endringer i modell eller risikoparametre	-	0	0
Konstaterte tap	-256		-2.816
Tilbakeføring av tidligere konstaterte tap	-	0	0
Valutaeffekter			
<b>Nedskrivninger pr. 31.12.2023</b>	<b>5.274</b>	<b>7.651</b>	<b>24.317</b>

Endringer i tapsavsetning på ubenyttede kreditter og garantier siste år (beløp i tusen kroner)	Steg 1: 12 mnd. tap	Steg 2: Livstid tap	Steg 3: Livstid tap
<b>Nedskrivninger pr. 01.01.2023</b>	276	235	108
<b>Overføringer:</b>			
Overføringer til steg 1	70	-70	-
Overføringer til steg 2	-12	12	-
Overføringer til steg 3	-3	-23	27
Netto endring	-56	-21	-169
Endringer som følge av nye eller auka ubenyttede kreditter og garantier	6	1	210
Nedskrivninger på ubenyttede kreditter og garantier som er frårekna i perioden	-148	-56	-
Endra eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-	-	-
Andre justeringar	-	-	-
<b>Tapsavsetninger pr. 31.12.2023</b>	<b>132</b>	<b>79</b>	<b>176</b>

Årets nedskrivninger og gjenvinning på tidligere års nedskrivninger (beløp i tusen kroner)	Utlån
Periodens endring i individuelle nedskrivninger på utlån	7.824
Periodens endring i individuelle nedskrivninger på garantier	68
Periodens endring i gruppeavsetninger	-
Periodens endring i forventet tap (steg 1 og 2)	-4.810
Periodens konstaterte tap, hvor det tidligere er foretatt individuelle nedskrivninger (steg 3)	5.541
Periodens konstaterte tap, hvor det tidligere ikke er foretatt individuelle nedskrivninger	-
Periodens inngang på tidligere perioders konstaterte tap	-289
<b>Periodens tapkostnader</b>	<b>8.334</b>

## 4.7 Bruk av offisiell rating for kapitaldekningsføremål

Etter standardmetoden kan kapitalkravet være avhengig av motparten si offisielle rating. Offisiell rating vil i liten grad være aktuelt for banken sine lånekundar, men kan være aktuelt for utstederar av verdipapir som banken plasserer i. I så fall er det ratingar frå Standard & Poor's, Moody's og/eller Fitch som er aktuelle. Sogn Sparebank har pr. rapporteringstidspunkt ingen engasjement der ratinga påverkar kapitaldekninga.

## 4.8 Engasjementsbeløp og bruk av sikkerheiter m.v. ved fastsetting av kapitalkrav

Hovudtypar av pant som vert nytta til kapitaldekningsføremål er pant i bustad og fritidseigedom. Garantiar har i liten grad betydning for kapitaldekninga. Sogn Sparebank nyttar ikkje kredittderivat.

Banken føretek ikkje motrekning av eksponeringar i eller utanfor balansen, ved berekning av kapitalkrav for kredittrisiko. Verdivurdering av sikkerheiter tek utgangspunkt i sikkerheita sin marknadsverdi. Sikkerheitsobjekt skal verdien dokumenterast med eigendomsverdi, meklarvurdering eller takst.

Verdivurdering av bustadeigedomar vert oppdatert ved vesentlege endringar i marknaden, ved større opplåningar og minst kvart tredje år.

Det vert teke omsyn til konsentrasjonsrisiko i banken sin ICAAP, likevel slik at konsentrasjonsrisiko som følgje av konsentrasjon av typar sikkerheiter ikkje eksplisitt vert tilordna kapitalkrav.

## 4.9 Sikkerheitsstilte eigedelar

Pr. 31.12.2023 er 164 mill. kroner i OMF fond stilt som sikkerheit for lån i sentralbanken.

Elendeler	Balansført verdi av ikke-sikkerheitsstilte eiendeler			Virkelig verdi av ikke-sikkerheitsstilte eiendeler	Balansført verdi av sikkerheitsstilte eiendeler			Virkelig verdi av sikkerheitsstilte eiendeler
	herav: utstedt av andre i konsernet	herav: godkjent som pant i sentralbanken	herav: godkjent som pant i sentralbanken		herav: utstedt av andre i konsernet	herav: godkjent som pant i sentralbanken	herav: godkjent som pant i sentralbanken	
Rentebærende verdipapirer	100.475							
herav: Covered bonds (inkl. OMF)	100.475	-	100.475	100 %				
herav: sikrede verdipapirer (ABS)	-						164.299	164.299
herav: utstedt av offentlig forvaltning								
herav: utstedt av finansielle foretak	100.475							
herav: utstedt av ikke-finansielle foretak	-							
<b>Sum</b>	<b>100.475</b>	<b>-</b>	<b>100.475</b>		<b>-</b>	<b>-</b>	<b>164.299</b>	<b>164.299</b>

## 4.10 Motpartsrisiko knytt til derivat

Sogn Sparebank har ikkje derivat.

## 5 EGENKAPITALPOSISJONER

---

Banken rapporterer etter International Financial Reporting Standards (IFRS) og fortolkningar frå IFRS fortolkingskomité (IFRIC), som er fastsett av EU. For den avlagde rekneskapen er det ingen forskjellar mellom IFRS som fastsett av EU og IASB. Rekneskapen er utarbeida basert på historisk kost prinsippet med følgjande modifikasjonar: revaluering av tomtar og finansielle eigendelar og forplikingar er vurdert til verkeleg verdi over resultatet. Sogn Sparebank er morbank, dotterselskapa er Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS (avvikla i 2023), ISSB Eigedom AS og tilknytt selskap Sogn Forsikring AS. Desse selskapa utgjør uvesentlege verdi og det er derfor ikkje utarbeida konsern rekneskap. All rapportering i høve til det offentlege er difor morbank nivå, dersom anna ikkje går fram av rapporteringa.

### 5.1 Finansielle eigendelar

#### 5.1.1 Klassifisering

Ved første gongs rekneskapsføring blir finansielle instrument klassifisert i ein av dei følgjande kategoriane, avhengig av typen instrument og føremålet med investeringa:

Finansielle eigendelar klassifiserast i gruppene:

- Amortisert kost
- Verkeleg verdi med verdiendring over utvida resultat
- Verkeleg verdi med verdiendring over ordinært resultat

Finansielle forplikingar klassifiserast som:

- Finansielle forplikingar til verkeleg verdi med verdiendringar over resultat
- Andre finansielle forplikingar målt til amortisert kost

Klassifisering og måling i høve til IFRS 9 krev at alle finansielle eigendelar som er pengekrav, blir klassifisert basert på ei vurdering av banken sin forretningsmodell og kontantstraumane knytt til dei ulike instrumenta.

#### 5.1.2 Finansielle eigendelar til verkeleg verdi over resultatet

Verkeleg verdi av finansielle instrument som blir omsett i aktive marknader blir fastsett ved slutten av rapporteringsperioden med henvising til noterte marknadsprisar eller kursar frå forhandlarar av finansielle instrument, utan frådrag for transaksjonskostnader. Marknaden er aktiv dersom det er mogleg å framskaffe eksterne observerbare prisar, kursar eller renter og desse prisane representerer faktiske og hyppige marknadstransaksjonar.

For finansielle instrument som ikkje blir omsett i ein aktiv marknad, blir den verkelege verdien fastsett ved hjelp av ein eigna verdsettingsmetode. Slike verdsettingsmetodar omfattar bruk av nyleg føretekte marknadstransaksjonar på ei armlengd avstand mellom velinformerte og frivillige partar, dersom slike er

tilgjengelege, henvising til løpande verkeleg verdi av eit anna instrument som er praktisk talt det same, diskontert kontantstraumberekning eller andre verdsettingsmodellar. I den grad observerbare marknadsprisar er tilgjengeleg for variablar som inngår i verdsetjingsmodellar, så blir dei nytta.

Ein analyse av verkeleg verdi av finansielle instrument og ytterlegare detaljar om målinga av desse blir gitt opp i eigen note i samband med avlegging av årsrekneskapen.

Likviditetsporteføljen til banken er klassifisert til verkeleg verdi over resultatet i høve til den forretningsmodellen som styrer forvaltninga av likviditetsporteføljen. Eigenkapitalinstrument som er strategiske investeringar, er klassifisert til verkeleg verdi over utvida resultat utan resirkulering. Desse eigenkapitalinstrumenta er ikkje derivat eller haldne for handelsføremål.

### 5.1.3 Måling til amortisert kost

Finansielle instrument som ikkje blir målt til verkeleg verdi, blir målt til amortisert kost, og inntektene blir berekna etter instrumentet si effektive rente. Den effektive renta blir fastsett ved diskontering av kontraktsfesta kontantstraumar innanfor forventa løpetid.

Kontantstraumane inkluderer etableringsgebyr og direkte, marginale transaksjonskostnader som ikkje direkte blir betalte av kunden, og eventuell restverdi ved utløpet av forventa løpetid. Amortisert kost er noverdien av slike kontantstraumar neddiskontert med den effektive renta.

Utlån med flytande og fast rente er klassifisert til amortisert kost. Banken nyttar ikkje fair value option på utlån med fast rente. Banken har høve til å overføra utlån med pant i bustadeigedom til Eika Boligkreditt som har belåningsgrad under 75 %. Banken overfører ikkje utlån frå eigen balanse. Banken har difor klassifisert utlån som kan overførast til Eika Boligkreditt til amortisert kost.

Finansielle forpliktingar vert målt til amortisert kost ved bruk av effektiv rentes metode. Når tidshorisonten for den finansielle forpliktinga sitt forfallstidspunkt er relativt kort, vert den nominelle renta nytta ved berekning av amortisert kost. I kategorien finansielle forpliktingar til amortisert kost inngår klassane innskot frå og forpliktingar overfor kundar og renteberande forpliktingar som sertifikat- og obligasjonsgjeld.

### 5.1.4 Måling av finansielle garantiar

Utsteda finansielle garantiar blir vurdert til verkeleg verdi, som ved første gongs rekneskapsføring blir sett på som motteke vederlag for garantien. Ved etterfølgjande måling blir utsteda finansielle garantiar vurdert til det høgaste beløp av mottekne vederlag for garantien med frådrag for eventuelle resultatførde amortiseringar og beste estimat for vederlag ved eventuell innfriing av garantien.

### 5.1.5 Innlån og innskot frå og gjeld til kundar

Innlån vert rekneskapsført til verkeleg verdi når utbetaling av innlånet finn stad, med frådrag for transaksjonskostnader. I etterfølgjande periodar vert innlån rekneskapsført til amortisert kost utrekna ved bruk av effektiv rente. Forskjellen mellom det utbetalte lånebeløpet (fråtrekt transaksjonskostnader) og innløysingsverdien, vert resultatført over løpetida til innlånet.



### 5.1.6 Nedskrivning av finansielle eigendelar

Under IFRS 9 skal tapsavsetningane innreknast basert på forventa kredittap. Den generelle modellen for nedskrivningar av finansielle eigendelar omfattar finansielle eigendelar som blir målt til amortisert kost eller til verkeleg verdi med verdiendringar over utvida resultat. I tillegg er òg lånetilsegn, finansielle garantikontraktar som ikkje blir målt til verkeleg verdi over resultatet og fordringar på leigeavtalar omfatta.

Ved førstegongs balanseføring skal det avsettast for tap tilsvarande 12-månaders forventa tap. 12-månaders forventa tap er det tapet som er forventa å inntreffa over levetida til instrumentet, men som kan knytast til misleghaldshendingar som inntreff dei første 12 månadane.

Dersom kredittrisikoen for ein eigendel eller gruppe av eigendelar ser ut til å ha auka vesentleg sidan første gongs innrekning, skal det gjerast ei tapsavsetning tilsvarande heile den forventa levetida til eigendelen. Dersom det oppstår eit kredittap skal renteinntekter innreknast basert på bokført beløp etter justering for tapsavsetning. Eit kredittap har oppstått når kunden er rekna for å vere i mislighald, sjå beskriving av sannsynlegheit for misleghald.

Matrisa under viser eigenkapitalposisjonar fordelt etter om dei vert haldne for gevinstføremål eller strategisk føremål. Matrisa viser òg type verdipapir og bokført verdi, verkeleg verdi, realisert gevinst/tap siste år og kor mykje av dette som er medrekna i høvesvis kjernekapital og tilleggskapital.

Eigenkapitalposisjonar (beløp i tusen kroner)

Beløp i tusen kroner	Bokført verdi	Virkelig verdi	Realisert gevinst/ -tap i perioden	Urealisert gevinst/ -tap	Herav medregnet i kjernekapital <sup>1</sup>	Herav medregnet i tilleggskapital <sup>1</sup>
<b>Aksjer og andeler – gevinstformål</b>	271.221	271.221				
- børsnoterte aksjer	7.795	7.795				
- andre aksjer og andeler	263.426	263.426				
<b>Aksjer og andeler – strategisk formål</b>	330.433	330.433		-7.478	-7.478	
- børsnoterte aksjer	-	-				
- andre aksjer og andeler	330.433	330.433		-7.478	-7.478	

<sup>1</sup> "Herav" sikter til urealiserte gevinster/tap

## 6 RENTERISIKO

Sogn Sparebank har identifisert følgjande kjelder til renterisiko:

- Utlån til kundar/andre bankar
- Renteberande plasseringar i verdipapir
- Innskot frå kundar
- Renteberande verdipapirgjeld
- Anna renteberande gjeld

Renterisiko på utlån til kundar oppstår i tilknytning til både flytande og fastforrenta utlån. I samsvar med finansavtalelova, gjeldande for privatpersonar, har banken ein varslingsfrist på seks veker før ein eventuell renteauke på utlån kan setjast i verk. Renterisikoen er primært knytt til behaldninga av renteberande verdipapir. Fastrenteinnskot og fastrenteutlån er til no mindre viktig for renterisikoen. Renterisikoen er primært knytt til behaldninga av renteberande verdipapir. Banken hadde ikkje fastrenteinnskot 31.12.23. Det

er soleis ingen renterisiko knytt til fastrenteinnskot. Banken har for tida ikkje fastrentelån på eiga på eiga bok. I tillegg vert fastrentelån ytt gjennom Eika Boligkreditt AS. Banken har ikkje fastrentelån til næringslivet.

Banken sine plasseringar i renteberande verdipapir er hovudsakleg sett saman av papir med flytande rente som vert regulert kvartalsvis. Banken får månadleg oversikt over kurs- og renterisiko frå meklarane til banken som vert brukt til styring av renterisiko.

Sogn Sparebank har ein obligasjonsportefølje pr. 31.12.23 på 10,0 mill. kroner. Renterisikoen vert redusert ved at dei aller fleste av obligasjonane er knytte opp mot ei avkastning lik tre mnd. Nibor. Sett i samanheng med andre balansepostar med rentebinding, har banken likevel ein viss renterisiko.

All renteberande verdipapirgjeld er lagt ut med flytande rente knytt til tre månaders NIBOR og kvartalsvise rentejusteringar.

Styret har sett opp interne rammor for renterisiko. Banken ligg innafor desse rammene.

Banken er òg eksponert for renterisiko knytt til tap av rentenetto. Risikoen kjem fram som resultat av ulik rentebindingstid på ulike aktiva- og passivapostar i og utanfor balansen. Desse er obligasjonar, utlån til kundar, garantiar, innskot og verdipapirgjeld. Ei endring i marknadsrenta, vil gje auke eller reduksjon i banken sin rentenetto som følgje av det. Renteberande verdipapirplasseringar, utlån, innskot frå kundar, finansinstitusjonar og låneopptak i marknaden er alle knytt til flytande rente. Utanom balansepostar, gjeld banken sitt løpande garantiansvar som er knytt til flytande rente. Renterisikoen blir kvartalsvis rapportert til styret. Ulik rentebinding og referanserenter på utlån og innlån gir utslag på rentenetto i banken. Renterisiko blir redusert ved at innlån og utlån i høg grad blir tilpassa same rentevilkår.

All annan renteberande gjeld har òg flytande rente knytt til tre månaders Nibor og kvartalsvise rentejusteringar. I periodar der det inngår renteberande gjeld med fast rente, blir behovet for renteswappar vurdert i kvart enkelt tilfelle.

Banken måler renterisikoen ved at det vert berekna ein gjennomsnittleg durasjon, tid til neste renteendring, for dei forskjellige renteberande postane. Durasjonen vert nytta til å simulera verknaden av ein auke eller reduksjon i rentenivået på 1 %-poeng.

Renterisikoen vert styrt etter vedtekne rammor og avgrensingar, hovudsakleg basert på forvaltningskapitalen til banken i følgjande policyar:

- Risikopolicy
- Marknadspolicy

#### Renterisiko pr. 31.12.2023

Eigendelar	Eksponering	Renterisiko	
		Renteløpetid ved 1% endring	
Utlån til kundar med flytande rente	6.335.559	0,17	(10.559,3)
Utlån til kundar med rentebinding	3.947	0,17	(6,6)
Renteberande verdipapir	10.032	0,13	(12,5)
Øvrige renteberande eigendelar	254.742	0,13	(318,4)
<b>Gjeld</b>			
Flytande innskot	4.916.316	0,17	8.193,9
Innskot med rentebinding	938.962	0,17	1.564,9
Verdipapirgjeld	752.583	0,13	940,7
Øvrig renteberande gjeld	-	-	-
Utanom balansen	-	-	-
<b>Sum renterisiko</b>			<b>(197,3)</b>

Renterisikoen er då kr 0,2 mill. ved 1%-poeng endring i renta.

## 7 STYRING OG KONTROLL AV RISIKO

---

### 7.1 Innleiing

God risiko- og kapitalstyring er eit sentralt verkemiddel i banken si verdiskaping. Styret i Sogn Sparebank har ei målsetting om at risikoprofilen til banken skal vere låg til moderat.

Sogn Sparebank brukar VIS modellen til Eika Gruppen AS. Modellen er ein restrisikomodel basert på standardmetoden, som baserer seg på å identifisere dei risikoane som ikkje er dekkja av minstekravet. Modellen omfattar nødvendige arbeidsprosessar, instruksar, berekningar og andre dokument som er vurdert som nødvendige for å etablere ein tilstrekkeleg ICAAP prosess. Nødvendig utvikling og tilpassing i eigen bank er gjennomført av administrasjonen i banken.

Risiko- og kapitalstyringa i banken tek utgangspunkt i det definerte strategiske målbiletet slik dette kjem fram gjennom strategiplanen. Banken har etablert eigne risikostrategiar for kvart område, og det er konkretisert styringsmål og rammer for det enkelte risikoområde. Desse strategiane vert revidert minst årleg i samanheng med dei andre planprosessane til banken.

Styringsmål og rammer som er nedfelt i banken sine risikostrategiar skal bidra til å sikre lønsemd i banken både på kort og lang sikt. Føremålet er å unngå for store risikokonsentrasjonar i verksemda. Konsentrasjonar som ved ei ugunstig utvikling kan bidra til å true lønsemda og soliditeten til banken.

### 7.2 Organisering og ansvar

Ansvar og gjennomføring av banken si risikostyring og kontroll, er delt mellom styret i banken, leiing og operative eining.

#### 7.2.1 Styret

Har ansvar for å sjå til at banken har ein ansvarleg kapital som er tilstrekkeleg ut i frå ynskt risiko og verksemda til banken, og syta for at banken er tilstrekkeleg kapitalisert ut i frå regulatoriske krav. Styret fastset dei overordna målsettingane relatert til risikoprofil og avkastning. Styret fastset vidare dei overordna rammene, fullmaktene og retningslinjer for risikostyringa i banken, og etiske reglar som skal bidra til ein høg etisk standard.

#### 7.2.2 Adm. banksjef

Har ansvaret for den overordna risikostyringa og er ansvarleg for at det vert implementert effektive risikostyringsystem i banken, og at risikoeksponeringa vert overvaka. Adm. banksjef er vidare ansvarleg for delegering av fullmakter og rapportering til styret.

### 7.2.3 Risk and Compliance Manager

Desse funksjonane er delt i Risikostyring og Compliance Manager. Sogn Sparebank har fokus på risiko- og kapitalstyring, og det er ein integrert del av styret sitt arbeid.

### 7.2.4 Alle leiarane

Har ansvar for å styre risiko og sikra god intern kontroll innanfor eige område i tråd med risikoprofilen som er vedteken for banken. For å sikre god økonomisk og administrativ styring, skal den enkelte leiar ha nødvendig kunnskap om vesentlege risikoforhold innanfor eige område.

## 7.3 FØREMÅL OG PRINSIPP FOR ICAAP

ICAAP er banken sin eigen prosess for å vurdere banken sitt kapitalbehov. Denne kapitalbehovsvurderinga skal vere framoverskuande, og dette inneber at kapitalbehovet skal vurderast i forhold til banken sin noverande og framtidig risikoprofil. Det er difor eit overordna prinsipp at banken i tillegg til å berekne behovet ut i frå gjeldande eksponering (eventuelt rammer) òg må vurdere kapitalbehovet i lys av planlagd vekst og eventuelle vedtekne strategiske endringar m.v.

Risikotoleranse er storleiken på den risikoen banken er villig til å ta i verksemda si for å nå måla sine. Risikotoleransen kjem til uttrykk i rammeverket for verksemda, herunder avgrensingar i vedtekter, policyar, fullmakter, retningslinjer og rutinar. For nokre av risikoane er det vanleg å fastsetje kvantitative avgrensingar på risiko, til dømes kvantitative rammer for marknadsrisiko, rammer for store engasjement, rammer for eksponering mot enkeltbransjar osv. For andre risikotypar er det meir naturleg å nytte kvalitative avgrensingar. Slike avgrensingar angir kor langt banken er villig til å strekke seg på enkeltrisikoar, og representerer difor ein beskriving av risikotoleransen for desse enkeltrisikoane. Banken sin risikotoleranse er forsøkt reflektert i kapitalbehovet som vert berekna for kvar enkelt risiko.

Ved utrekning av samla kapitalbehov for alle risikoane, kan det argumenterast for at dei ulike risikoane ikkje vil materialisere seg samtidig, og at det difor eksisterer diversifikasjonseffektar som inneber at det samla kapitalbehovet er lågare enn summen av kapitalbehovet for dei enkelte risikoane. Banken har valt å leggje ein konservativ tilnærming til grunn, og ser difor bort frå slike effektar.

Banken stresstestar effekten på kapitaldekninga av eit alvorleg tilbakeslag/nedgongskonjunktur. I tillegg gjennomfører banken ein «omvendt» stresstest. I ein slik stresstest bestemmer banken først kva kapitaldekning som er so låg at banken risikerer å bli sett under administrasjon og/eller overteken. Deretter simulerer banken med ulike kombinasjonar av parameterverdiar som i sum gir det resultatet banken har fastsett. Hensikta med ein slik omvendt stresstest er å gi banken ytterlegare kunnskap om kor mykje som skal til før kapitaldekninga til banken fell under eit kritisk nivå. Banken gjennomfører òg stresstestar av marknadsrisiko og likviditetsrisiko.

Banken har vedteke eit minimumsnivå for kapital som skal vise banken sin samla risikotoleranse. Vurderinga er basert på utrekna kapitalbehov, offentlege krav og forventningar frå marknaden. Det er etablert eit sett av handlingsreglar der det går fram kva for tiltak som skal setjast i verk ved ulike nivå av faktisk kapital. Banken sitt kapitalmål og overordna retningslinjer for vurdering av kapitalbehovet, er vedteke av styret til banken.

Administrasjonen gjennomfører dei relevante vurderingane, berekningar og legg det fram for styret. Ein slik gjennomgang vert gjort minst ein gong per år. Styret er aktivt med i prosessen, og banken nyttar ekstern revisor i kvalitetssikringa av arbeidet.

Banken si interne vurdering av kapitalbehovet inneber ein analyse og berekning av kapitalbehov for følgjande risikoar:

- Kredittrisiko
- Likviditetsrisiko
- Marknadsrisiko
- Operasjonell risiko
- Konsentrasjonsrisiko
- Egedomsprisorisiko
- Forretningsrisiko
- Omdømerisiko
- Strategisk risiko
- Systemrisiko

Berekning av kapitalbehov for enkeltrisikoar vert gjort ved hjelp av ulike metodar mellom anna bruk av stresstestar i form av følsomheitsanalysar. I slike følsomheitsanalysar vert det fokusert på betydinga av endringar i ein enkelt variabel. I tillegg gjennomfører banken stresstesting i form av scenarioanalyse som er meint å vise betydinga for banken samla sett av samtidige endringar i fleire relevante faktorar.

## 7.4 STYRING OG KONTROLL AV ENKELTRISIKOAR

I det følgjande vert det gitt ein gjennomgang av banken si handtering av dei enkelte risikoane.

Sogn Sparebank er ein mellomstor kredittinstitusjon. Det er difor eit overordna mål for styret at banken sin kredittpolicy byggjer på forsvarleg risiko. Banken har utarbeida eit eige regelverk som bidreg til avgrensingar og styring av den finansielle risikoen. Finansiell risiko er delt inn i kredittrisiko, likviditetsrisiko og marknadsrisiko. Marknadsrisiko er sett saman av renterisiko, valutarisiko og aksjekursrisiko. Nedanfor følgjer ei beskriving av dei ulike typane av risiko, og korleis banken har handtert desse.

Risikostyringsfunksjonen er organisert som ein integrert del av banken sitt internkontrollsystem. Ansvarleg avdelingsleiar utfører avviksrapportering til adm. banksjef, som igjen syter for vidare rapportering til banken sitt styre der det er påkrevd.

## 7.4.1 Kredittrisiko

### Kredittrisiko

Kredittrisiko er definert som risiko for tap knytt til at kundar eller andre motpartar ikkje kan gjera opp for seg til avtalt tid og i samsvar med skrivne avtalar, og at mottekne sikkerheiter ikkje dekker uteståande krav. Denne typen risiko knyter seg hovudsakleg til større privat- og næringsengasjement, men òg til banken sine plasseringar i verdipapir.

Regelverket til banken, både i kreditthandboka og i reglane for verksemda på verdipapirmarknaden, gir klare avgrensingar i volum og krav til sikkerheit. Ein stor del av banken sine utlån er sikra med pant i fast eigedom, ved årsskiftet er berre ca. 1,0 % av utlåna til banken ytt utan nokon form for sikkerheit. Det er mindre forbrukslån og små lønskontolån og kredittar gitt på sokalla standardiserte vilkår.

Banken har investert i ei obligasjonsportefølje for å sikre ein nødvendig likviditetsbuffer, og er sett saman av obligasjonar utsteda av andre kredittinstitusjonar, kommunar og industriselskap. Det knyter seg liten til middels kredittrisiko til denne porteføljen. Ved årsskiftet er dei enkelte papira i porteføljen vurdert til det lågaste av kostpris og marknadspris.

Sjå 4.2 for modell risikoklassifisering.

#### 7.4.1.1 MISLEGHALDNE OG TAPSUTSETTE ENGASJEMENT

Kredittrisiko på utlån og garantiar kjem som følgje av at engasjement vert misleghaldne eller det skjer hendingar som gjer det svært sannsynleg at engasjementet vil bli påført tap på eit seinare tidspunkt. Eit engasjement vert vurdert som misleghalde når kunden ikkje har betalt forfallen termin innan 90 dagar etter forfall, eller når overtrekk på rammekreditt ikkje er dekkja inn innan 90 dagar etter at rammekreditten ble overtrekt. Misleghaldne engasjement blir gjennomgått og handsama fortløpande av administrasjonen i banken. Styret i banken får månadleg rapportar vedkomande utviklinga på misleghald. Sjå note 8 i årsmelding og rekneskap 2023 for opplysningar om misleghaldne og tapsutsette utlån og trygda for desse. Tapsutsette engasjement er engasjement som ikkje er misleghaldne, men der kunden sin økonomiske situasjon inneber ei stor sannsynlegheit for at eit allereie oppstått tap vil materialisera seg på eit seinare tidspunkt. Rentene på slike utlån løper som normalt inntil misleghaldet oppstår.

#### 7.4.1.2 NEDSKRIVINGAR

Dersom det ligg føre objektive indikasjonar for tap på engasjement, blir engasjementet nedskrive til verdien av framtidige kontantstraumar neddiskontert basert på effektiv rente. Utlånsporteføljen er delt inn i grupper med tilnærma lik risikoprofil, og blir nedskriven dersom det ligg føre objektive indikasjonar for tap på grupper. Individuelt vurderte lån blir trekt ut av tilhøyrande gruppe og er ikkje med i grunnlaget for gruppenedskringar.

Banken gjennomgår portefølje av utlån og garantiar og føreteke individuelle nedskringar. Gruppenedskringar på utlån og garantiar blir føreteke med basis i risikoklassifiseringa og modellen for gruppenedskring byggjer på bransjeinndeling av kundane, offentlege tilgjengelege konkurssannsynlegheiter og forventa restverdi på objekta.

## 7.4.2 Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er definert som risikoen for at ein bank ikkje klarer å oppfylle forpliktingane sine og/eller finansiera auke i eigendelane utan at det oppstår vesentlege ekstraomkostningar i form av prisfall på eigendelar som må realiserast, eller i form av ekstra dyr finansiering. Nivået på banken sin ansvarlege kapital vil vere ein sentral føresetnad for å kunne tiltrekka seg nødvendig funding til ei kvar tid.

Styret i banken vurderer likviditetsrisikoen i Sogn Sparebank som god. Styret får månadlege rapportar om likviditetssituasjonen i banken.

## 7.4.3 Marknadsrisiko

Marknadsrisiko er definert som risiko for tap i marknadsverdiar knytt til porteføljar av finansielle instrument som følgje av svingingar i aksjekursar, valutakursar, renter og råvareprisar.

### 7.4.3.1 AKSJEKURSRISIKO

Aksjekursrisikoen omhandlar risiko i høve til aksjar og aksjefond. Dette vert delt inn i «verkeleg verdi med verdiendringar over resultatet» og «tilgjengeleg for sal».

«Verkeleg verdi med verdiendringar over resultatet» er hovudsakleg sett saman av aksjar, eigedomsfond og private equity banken har for gevinstføremål.

«Tilgjengeleg for sal» er hovudsakleg sett saman av aksjar i strategiske selskap.

Storleiken og kursutviklinga på omløpsporteføljen inngår i den månadlege rapporteringa til styret i banken.

Anleggsbeholdninga er hovudsakleg sett saman av aksjar i strategiske selskap.

Verksemda vert styrt av eigne reglar fastsett av styret, og det er gitt klare fullmakter og volumavgrensingar på området.

### 7.4.3.2 VALUTARISIKO

Banken driv ikkje lenger med kjøp og sal av reisevaluta. Banken har elles ingen aktiva- eller passivapostar i utanlandsk valuta pr. 31.12.2023. Avtalen med SDC som dataleverandør var avslutta i 2023.

Samla har ikkje banken valutarisiko.

Sjå note 15 i årsmeldinga, for ytterlegare informasjon.

## 7.4.4 Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er definert som risikoen for tap eller sviktande inntening som skuldast utilstrekkelege eller sviktande interne prosessar, svikt hjå menneske og i system eller eksterne hendingar. Tapet kan skuldast bevisste eller ubevisste handlingar og/eller hendingar.

Operasjonell risiko blir ei form for "restrisiko" som ikkje er dekkja av dei andre risikoområda. Risikoen vert styrt ved at det vert teke løpande kontrollar med utgangspunkt i banken sine etablerte internkontrollrutinar. Avdekka avvik vert rapportert løpande via avdelingsleiarane til adm. banksjef, som igjen i enkelte situasjonar, rapporterer vidare til styret i banken.

### 7.4.5 Konsentrasjonsrisiko

Konsentrasjonsrisiko er definert som risiko for tap som følge av konsentrasjon om:

- Einskildkunder
- Enkelt bransjar
- Geografiske område

Banken har 1 stort kredittengasjement pr. 31.12.2023.

Ekstra konjunkturutsatte bransjar har banken definert til å omfatta fiske/fangst, hotell/restaurant og transport. Styret vurderer eksponeringa i dei ulike næringane jamleg.

Banken har utlån i primærområdet, Sogn, på 61 %. Andre utlån er fordelt på Bergen og resten av landet. Me meiner dette gir ei god risikospreiing.

### 7.4.6 Egedomsprisrisiko

Denne risikotypen er definert som risiko for uventa verdifall på institusjonen sine eigedomar eller i porteføljar av eigedomsinvesteringar. Egedomsprisrisiko knytt til utlån til eigedomssektoren eller eigendelar som sikkerheit er dekkja under kredittrisiko og konsentrasjonsrisiko. Banken eig egne bankbygg som er bokført til 52,8 mill. kroner.

### 7.4.7 Forretningsrisiko

Forretningsrisiko er definert som risikoen for uventa inntektssvingingar ut i frå andre forhold enn kredittrisiko, marknadsrisiko og operasjonell risiko. Risikoen kan opptre i ulike forretnings- eller produktsegment og vere knytt til konjunktursvingingar og endra kundeåtfærd. Styret i banken vurderer forretningsrisikoen ein gong kvart år eller oftare ved behov.

### 7.4.8 Strategisk risiko

Strategisk risiko er risiko for uventa tap eller sviktande inntening i høve til prognosar knytt til vekstambisjonar, oppstart i nye marknader eller oppkjøp.

Banken vurderer risikoen for sviktande inntening i høve til prognosar knytt til ambisjonar om vekst, oppstart i nye marknader eller oppkjøp, som låg.

### 7.4.9 Systemrisiko

Systemrisiko for Eika-bankane kan vere at problem hjå andre (større) bankar kan smitta over på den enkelte Eika-banken. Det kan vere:

- Fallande verdiar på verdipapirportefølje
- Vanskeleg å få ta tak i likviditet plassert i andre bankar
- Vanskeleg å få funding på normale vilkår
- DnB som oppgjersbank er ikkje i stand til å gjennomføra oppgjær gjennom dagen

Alt dette kan utgjera ein systemrisiko dersom andre bankar får problem. Ovannemnde risiko vil etter banken sitt syn vere dekkja opp ved kapitalbehovsvurdering av likviditets- og kredittrisiko.



## 7.5 BANKEN SI GODTGJERSLEORDNING

Styret skal i eiga sak vurdere eige arbeidet og den samla kompetansen i styret. Godtgjersle til styremedlemene skal fremjast av valnemnda og godkjennast av generalforsamlinga. Styregodtgjersle vert elles vurdert mot styregodtgjersle hjå andre selskap, og justert etter dette. Finansføretaklova regulerer kva andre verv styremedlemar kan ta på seg i tillegg til styrevervet i banken.

Det vert i årsmeldinga informert om alle godtgjersler til styremedlemene. Dersom det har vore gjeve godtgjersle utover vanleg styrehonorar, skal det spesifiserast.

Fastsetting av godtgjersle til adm. banksjef skal gjerast av det styret.

Samla godtgjersle til adm. banksjef skal gå fram av årsmeldinga.

Samla godtgjersle for adm. banksjef og andre leiande tilsette går fram av note 21 i årsmelding og rekneskap for 2023.

### 7.5.1 Pensjonspliktingar

Banken si pensjonsordning oppfyller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon. Pensjonsordninga er generelt finansiert gjennom innbetalingar til forsikringselskap basert på løna til dei tilsette og premiar vert kostnadsførde løpande over drift. Banken har ei pensjonsordning:

- Innskotsbasert ordning

Den innskotsbaserte pensjonsordninga gjeld for alle tilsette i banken.

Adm. banksjef er medlem av ordinær innskotsbasert pensjonsavtale.

### 7.5.2 Bonusplanar

Banken har ikkje bonusordning.

## 8. Vedlegg

Skjema EU KM1 - Nøkkeltall kapital og likviditet  
Beløp i tusen kroner

		a	b	c
		31.12.2023	31.12.2022	31.12.2021
	<b>Tilgjengelig ansvarlig kapital (beløp)</b>			
1	Ren kjernekapital	1.032.014	979.947	917.561
2	Kjernekapital	1.039.513	1.029.388	966.156
3	Total ansvarlig kapital	1.049.626	1.040.608	976.963
	<b>Risikovektet beregningsgrunnlag</b>			
4	Totalt risikovektet beregningsgrunnlag	4.254.481	4.183.471	4.178.539
	<b>Kapitaldekning (i prosent av risikovektet beregningsgrunnlag)</b>			
5	Ren kjernekapitaldekning	24,26 %	23,42 %	21,96 %
6	Kjernekapitaldekning	24,43 %	24,61 %	23,12 %
7	Total kapitaldekning	24,67 %	24,87 %	23,38 %
	<b>Tilleggskrav til ansvarlig kapital for å håndtere andre risikoer enn overdreven gjeldsoppbygging (i prosent av risikovektet beregningsgrunnlag)</b>			
EU 7a	Tilleggskrav til ansvarlig kapital for å håndtere andre risikoer enn overdreven gjeldsoppbygging (i prosent av risikovektet beregningsgrunnlag)	0,00 %	0,00 %	0,00 %
EU 7b	herav: som skal dekkes av ren kjernekapital (prosentpoeng)	0,00 %	0,00 %	0,00 %
EU 7c	herav: som skal dekkes av kjernekapital (prosentpoeng)	0,00 %	0,00 %	0,00 %
EU 7d	Samlet SREP kapitalkrav (i prosent)	8,00 %	8,00 %	8,00 %
	<b>Kombinert buffer- og totalt kapitalkrav (i prosent av risikovektet beregningsgrunnlag)</b>			
8	Bevaringsbuffer (i prosent)	2,50 %	2,50 %	2,50 %
EU 8a	Bevaringsbuffer som følge av makro- eller systemrisiko fastsatt av en medlemsstat (i prosent)	0,00 %	0,00 %	0,00 %
9	Institusjonsspesifikk motsyklisk kapitalbuffer (i prosent)	2,50 %	2,00 %	1,00 %
EU 9a	Systemrisikobuffer (i prosent)	4,50 %	3,00 %	3,00 %
10	Buffer for globalt systemviktige institusjoner (i prosent)	0,00 %	0,00 %	0,00 %
EU 10a	Buffer for andre systemviktige institusjoner (i prosent)	0,00 %	0,00 %	0,00 %
11	Kombinert bufferkrav (i prosent)	9,50 %	7,50 %	6,50 %
EU 11a	Samlet kapitalkrav (i prosent)	17,50 %	15,50 %	14,50 %
12	Tilgjengelig ren kjernekapital (CET1) etter oppfyllelse av samlede SREP-krav til ansvarlig kapital (i prosent)	16,25 %	16,76 %	15,91 %
	<b>Uvektet kjernekapitalandel</b>			
13	Sum eksponeringsmål	9.031.416	8.828.361	8.880.110
14	Uvektet kjernekapitalandel (i prosent)	11,51 %	11,66 %	10,88 %
	<b>Tilleggskrav til ansvarlig kapital for å håndtere risikoen for overdreven gjeldsoppbygging (i prosent av risikovektet eksponeringsbeløp)</b>			
EU 14a	Tilleggskrav til ansvarlig kapital for å håndtere risikoen for overdreven gjeldsoppbygging (i prosent)	2,00 %	2,00 %	2,00 %
EU 14b	herav: skal bestå av ren kjernekapital (prosentpoeng)	0,00 %	0,00 %	0,00 %
EU 14c	Samlede SREP-krav til uvektet kjernekapitalandel (i prosent)	2,00 %	2,00 %	2,00 %
	<b>Bufferkrav til uvektet kjernekapitalandel og samlet krav til uvektet kjernekapitalandel (i prosent av det samlede eksponeringsmålet)</b>			
EU 14d	Bufferkrav til uvektet kjernekapitalandel (i prosent)	0,00 %	0,00 %	0,00 %
EU 14e	Samlet krav til uvektet kjernekapitalandel (i prosent)	5,00 %	5,00 %	5,00 %
	<b>Likviditetsreserve (LCR)</b>			
15	Likvide eiendeler (vektet verdi)	311.005	344.105	372.270
EU 16a	Utbetalinger (vektet verdi)	551.256	607.295	785.411
EU 16b	Innbetalinger (vektet verdi)	649.156	452.773	731.210
16	Netto utbetalinger (justert verdi)	137.814	154.522	193.352
17	Likviditetsreserve/LCR (i prosent)	226 %	223 %	189 %
	<b>Stabil finansiering (NSFR)</b>			
18	Poster som gir stabil finansiering	6.542.259	6.413.302	6.326.642
19	Poster som krever stabil finansiering	4.938.645	4.611.997	4.391.126
20	Stabil finansiering/NSFR (i prosent)	132 %	139 %	144 %

Skjema EU OV1 – Oversikt over beløp for samlet kredittrisikoeksponering  
Beløp i tusen kroner

		Beløp for samlet			Samlet kapitalkrav
		a	a	b	c
		31.12.2023	31.12.2022	31.12.2021	31.12.2022
1	Kredittrisiko (eksklusive CCR)	3.384.743	3.318.596	3.334.036	270.779
2	Hvorav etter standartmetoden	3.384.743	3.318.596	3.334.036	270.779
3	I/A for standartmetodebanker	0	0	0	
4	I/A for standartmetodebanker	0	0	0	
EU 4a	I/A for standartmetodebanker	0	0	0	
5	I/A for standartmetodebanker	0	0	0	
6	Motpartskredittrisiko - CCR	0	0	0	-
7	Hvorav etter standartmetoden	0	0	0	-
8	Hvorav etter intermodellmetoden (IMM)	0	0	0	
EU 8a	Hvorav eksponering mot et CCP	0	0	0	
EU 8b	Hvorav kredittverdsettjustering - CVA	0	0	0	-
9	Hvorav annen CCR	0	0	0	-
10	I/A				
11	I/A				
12	I/A				
13	I/A				
14	I/A				
15	Oppgjørstrisiko	0	0	0	-
16	Verdipapirisering utenfor handelsporteføljen (after the cap)	0	0	0	-
17	I/A for banker uten handelsportefølje	0	0	0	
18	I/A for banker uten handelsportefølje	0	0	0	
19	I/A for banker uten handelsportefølje	0	0	0	
EU 19a	I/A for banker uten handelsportefølje	0	0	0	
20	Posisjon for valuta- og råvarerisikoer (markedsrisiko)	0	0	0	-
21	Hvorav etter standartmetoden	0	0	0	-
22	Hvorav IMA	0	0	0	
EU 22a	Store engasjement	0	0	0	-
23	Operasjonell risiko	352.225	300.233	290.373	28.178
EU 23a	Hvorav etter basismetode	352.225	300.233	290.373	28.178
EU 23b	Hvorav etter standartmetoden	0	0	0	
EU 23c	Hvorav etter avansert metode	0	0	0	
24	Beløp under grenseverdien for fradrag (skal gis 250% risikovekt)	0	0	0	
25	I/A				
26	I/A				
27	I/A				
28	I/A				
29	<b>Totalt</b>	<b>3.736.968</b>	<b>3.618.829</b>	<b>3.624.408</b>	<b>298.957</b>

Skjema EU REM1 - Godtgjørelse for regnskapsåret

		a	b	c	d	
		Ansatte i bankens overordnede ledelse med tilsyns- eller overvåkningsfunksjon	Medlemmer i bankens ledergruppe	Andre i bankens overordnede/øverste ledelse	Andre identifiserte årsverk	
1		1	6	-	33	
2		1.192	7.158		22.778	
3		933	5.927	-	19.620	
4		I/A				
EU-4a	Fast godtgjørelse	Hvorav: aksjer eller andre eiereandeler				
5		Hvorav: aksjebaserte instrumenter eller lignende ikke-kontante instrumenter				
EU-5x		Hvorav: andre instrumenter				
6		I/A				
7		Hvorav: andre varianter	259	1.231		
8		I/A				
9						
10						
11						
12						
EU-13a	Variabel godtgjørelse	Hvorav: aksjer eller andre eiereandeler				
EU-14a		Hvorav: med utsatt innslagspunkt (utbetalingstidspunkt)				
EU-13b		Hvorav: aksjebaserte instrumenter eller lignende ikke-kontante instrumenter				
EU-14b		Hvorav: med utsatt innslagspunkt (utbetalingstidspunkt)				
EU-14x		Hvorav: andre instrumenter				
EU-14y		Hvorav: med utsatt innslagspunkt (utbetalingstidspunkt)				
15		Hvorav: andre varianter				
16		Hvorav: med utsatt innslagspunkt (utbetalingstidspunkt)				
17	Samlet godtgjørelse (2 + 10)		7.158		22.778	

Skjema EU REM2 - Ekstra utbetalinger til ansatte hvis faglige aktiviteter har vesentlig innvirkning på institusjonenes risikoprofil (identifisert personale)

		a	b	c	d
		Ansatte i bankens overordnede ledelse med tilsyns- eller overvåkningsfunksjo	Medlemmer i bankens ledergruppe	Andre i bankens overordnede/øvrste ledelse	Andre identifiserte ansatte
Garantert variabel godtgjørelse					
1	Garantert variabel godtgjørelse - Antall ansatte				
2	Garantert variabel godtgjørelse - Samlet beløp				
3	Hvorav garantert variabel godtgjørelse utbetalt i løpet av regnskapsåret, som ikke er hensyntatt i bonustak				
Sluttvederlag tilkjent i tidligere perioder, som ble utbetalt i løpet av regnskapsåret					
4	Sluttvederlag tilkjent i tidligere perioder, som ble utbetalt i løpet av regnskapsåret - Antall ansatte (årsverk)				
5	Sluttvederlag tilkjent i tidligere perioder, som ble utbetalt i løpet av regnskapsåret - Samlet beløp				
Sluttvederlag tildelt i løpet av regnskapsåret					
6	Sluttvederlag tildelt i løpet av regnskapsåret - Antall ansatte				
7	Sluttvederlag tildelt i løpet av regnskapsåret - Samlet beløp				
8	Hvorav utbetalt i løpet av regnskapsåret				
9	Hvorav med utsatt utbetaling				
10	Hvorav sluttvederlag utbetalt i løpet av regnskapsåret, som ikke er hensyntatt i bonustak				
11	Hvorav høyeste utbetaling til en enkelt ansatt				

Spesielle utbetalinger til ansatte hvis faglige aktiviteter har vesentlig innvirkning på institusjonenes risikoprofil (identifisert personale)